

## Referat frå styremøte 2022/12 i Norsk folkemusikklag

**Teams måndag 10. oktober kl. 09.30—11.00**

*Til stades: Bjørn Aksdal, Tom Willy Rustad, Andrea Kasbo Rygh, Angun Sønnesyn Olsen og Sveinung Søyland Moen (referent)*

### **Sak 62/22    Korte meldingar**

#### *Referat frå styremøta*

Bjørn oppmoda styret om å gi raskare tilbakemeldingar på referata frå styremøta, ettersom det i det siste har tatt litt for lang tid før desse har vorte godkjende.

#### *Seminaret 2023*

Bjørn informerte om at arbeidsgruppa for seminaret på Fagernes har vedtatt å flytta seminaret til hausten 2023.

### **Sak 63/22    Seminaret 2022**

Tom Willy oppdaterte styret om arbeidet med seminaret og presenterte revidert budsjett for seminaret. Styret godkjende det reviderte budsjettet. Dersom laget ønskjer å reklamera for konserten i seg sjølve, finst det ei Facebookside for folkemusikkarrangement som vert styrt av FolkOrg, der me truleg kan dela vårt arrangement. Sveinung ser nærare på dette og korleis me kan reklamera for konserten særskild, mogleg med førehandssal av billetter. Sveinung får òg i oppdrag å bestemma menyen for seminaret og gi beskjed til Victoria Café. Det vart vidare nemnd ønskje om ei markering for Magnar Storbækken under seminaret. Bjørn oppmoda styret til å tenka litt rundt korleis dette kunne gjerast og senda innspel på e-post i etterkant av styremøtet.

### **Sak 64/22    Gjennomgang av arbeidsprogrammet, utsatt fra 3/10**

Då styret var komne midtvegs i perioden for arbeidsprogrammet, hadde Bjørn sett opp ein gjennomgang av dette for å sikra at styret fekk følgd opp dei ulike sakene:

- *Styret vil gjøre arbeidet i International Council for Traditional Music (ICTM) kjent for medlemmene og for de norske fagmiljøene.*
  - Laget delte ein bulletin frå ICTM på si eiga Facebookside tidlegare i år, og vil prøva å fortsetja med dette. Det vil vera fin reklame for ICTM si eiga Facebookside og arrangementa deira. Sveinung tar seg av dette, men tar gjerne imot tips frå resten av styret til anna som bør delast. Det kan òg vurderast å skriva småsaker på nettsida til laget, t.d. om studiegruppemøte for det komande året?
- *Styret vil fortsette arbeidet med å skaffe finansiering til å etablere et sekretariat for laget hos en samarbeidende institusjon.*
  - Bjørn informerte om at søknaden laget sende til Kulturrådet om støtte til sekretariat ikkje gjekk gjennom denne gongen. Styret bør difor førebu ein ny

søknad, og vurderer å be om eit møte med Kulturdepartementet om denne saka.

- *En viktig oppgave for styret også i 2022 vil være arbeidet med markedsføring av laget.*
  - Det vart diverre ikkje noka markering på Landskappleiken 2022, men styret ønskjer å få til dette i 2023. Vidare tenker styret at det ville vore positivt å få til noko på Folkelarm 2022, dersom nokon av styret skal dit dit. Andrea undersøker om ho har høve til dette. Vinterfestivalen på Rauland i februar 2023 kan òg vera ein fin stad å ha ein stand. Rollup-en vert førebels oppbevart hos Sveinung, som òg har fleire øskjer med eldre skrift.
- *Styret lanserte ny nettside i 2020 og arbeider kontinuerlig med vidareutvikling av denne.*
  - Nettredaktør Sveinung har hovudansvar for dette, men det trengst òg noko innsats frå resten av styret om me skal få vidareutvikla denne sida, t.d. med informasjon om heidersmedlemmar, mogleg kunnskapsside, og andre idéar som tidlegare har vore lufta.
- *Laget har også en egen Facebookside, som styret har som målsetting å bruke mer aktivt i tilknytning til den nye nettsiden og deling av annen relevant informasjon innen feltet.*
  - Vert brukt litt for sjeldan per i dag. Sveinung styrer og koordinerer arbeidet med sida, men oppmodar resten av styret til å foreslå saker som kan delast, ev. òg å dela sjølve.
- *Styret har planer om å markedsføre skriftet sterkere overfor relevante utdanningsinstitusjoner, særlig MA-studier.*
  - Styret samarbeider med Ungt Forskerforum for Folkemusikk og Dans, og studentane ved Norges musikkhøgskole og Universitetet i Sørøst-Noreg si avdeling på Rauland har fått informasjon frå tilsette der.
- *Styret har også som mål å videreføre praksisen med å drive informasjonsvirksomhet i forbindelse med større arrangementer på sektoren i framtiden, slik vi har gjort ved flere tidligere anledninger.*
  - Er ikkje gjort noko i 2022 utover det som er nemnd under punktet om marknadsføring av laget over.
- *Styret har et langsiktig mål om å etablere et samarbeid med en vertsinstusjon i Norge om å arrangere et møte i en av ICTMs studiegrupper. Vi vil i løpet av det kommende året gjøre en ny vurdering av hvilken studiegruppe det kan være aktuelt å henvende seg til om et slikt samarbeid.*
  - Dette er eit langsiktig arbeid som styret har jobba med over fleire år. Diverre har me førebels fått lite positiv respons frå studiegruppene me har kontakta, mellom anna då fleire grupper i større grad dei seinare åra har valt å leggja møta sine til andre verdsdelar enn Europa. Om me skal gjera Noreg, som vert sett på som eit dyrt reisemål, til ein attraktiv stad å leggja eit studiegruppemøte, må me kunna visa at det økonomiske grunnlaget er på plass. Det inkluderer mellom anna reisestøtte for deltakarane og etablering av kontakt med ein samarbeidsinstusjon her i landet. Styret meiner me bør byrja med nokre samtalar med aktuelle norske instusjonar, for å høyra kva som det vera attraktivt for desse å samarbeida om. Vidare må det eventuelt søkast middel til å dekkja alle utgiftene med eit slikt studiegruppemøte. Styret

vil sjå nærare på saka fram mot årsmøtet, men òg vurderer om det er andre og mogleg betre måtar å fronta ICTM sitt arbeid på i Noreg. Eit alternativ kan vera å arbeida tettare opp mot norske forskarar, for å få fleire av desse til å delta på studiegruppemøta.

- *Styret vil i løpet av det kommande året ta kontakt med NB for å foreslå at det lages en tilleggsavtale om vidare avlevering av materiale i framtiden, fortrinnsvis annethvert år.*
  - Styret meiner det vil vera naturleg å sjå på dette etter styremøtet i samband med seminaret i november. Styret skal då gå gjennom restarkivet som per no vert oppbevart ved Ringve musikkmuseum, og vurderer kva som er arkivverdig. Nasjonalbiblioteket vil så kontaktast over nyttår.

#### **Sak 65/22    Redaksjonsmøtesak: Musikk og tradisjon**

- Bjørn oppdaterte styret om status for arbeidet med årets utgåve.

#### **Sak 66/22    Neste styremøte/redaksjonsmøte**

Det vert kombinert styremøte og redaksjonsmøte på Teams 07.11.22 kl. 09.00–10.30.  
Sveinung set opp møtet.

#### **Sak 67/22    Eventuelt**

##### *Dato for årsmøte*

Bjørn oppmoda styret til å sjekka aktuelle datoar for årsmøtet, for å unngå kollisjonar med andre relevante arrangement. Datoen bør seinast fastsetjast i neste styremøte.